



Fellesforbundet

Sjå video:



Ein lausarbeidarkontrakt gir deg ingen tryggleik. Du veit aldri når arbeidsgjevar ringjer. Dermed veit du heller ikkje kor mykje inntekt du har frå månad til månad.

For dei fleste blir det umulig å få bustadlån. Det gir usikker inntekt. Det blir vanskelegare å planleggje livet utanfor jobben. I tillegg heng dei fleste andre velferdsordningane i ein tynn tråd, sidan dei er avhengige av ei viss inntekt. Slik skal vi ikkje ha det i Norge. Vi seier nei til lausarbeidarsamfunnet.

Vi vil at du skal ha mulighet for ei trygg tilsetjing enten du er ung og på veg inn i arbeidslivet, eller du har lang fartstid. Då slepp du å setje livet på vent.

Fellesforbundet krev:

- ✓ Trygge tilsetjingsvilkår – fleire faste tilsetjingar
- ✓ Trygge jobbar med faste timar og tryggleik for inntekt
- ✓ Avgrensing i muligheita til å leige inn frå bemanningsføretak
- ✓ At retten til midlertidig tilsetjing på generelt grunnlag blir fjerna
- ✓ At det i offentlege i sine innkjøp stiller krav om sikre og trygge tilsetjingsformer

Det er viktig kven som styrer landet.

Delta i valkampen.

Norge treng ei ny regjering.

Ei regjering som tar arbeidsfolk på alvor.

Trygge jobbar – ny regjering

STOPP
0 timar
løn
tryggleik

Vi vil ha ei regjering som tar arbeidsfolk på alvor

www.fellesforbundet.no/valg2017



Fellesforbundet

Fast tilsett utan garantilønn

0 bustadlån **0** løn
0 timar **0** tryggleik

Det hjelper ikkje med velferdsordningar i arbeidslivet dersom det grunnleggjande ryk. Feriepengar, sjukeløn, foreldrepengar og andre ordningar er ein føresetnad for tryggleik for fast arbeid og inntekt.

Auka bruk av innleige frå bemanningsbyrå og tilsetjingsformer som midlertidige tilsetjingar, 0-timarskontrakter og ekstrahjelpar blir stadig meir vanleg i mange bransjar. Utan tryggleik for fast arbeid og inntekt, forsvinn stoltheita for yrket. Med det forsvinn også framtida for heile bransjar.

Fast tilsett utan garantiløn er ei form for lausarbeidarkontrakt. Den gir deg ingen fridom. Det skal ikkje vere mulig å ha fast stilling og null innhald. Slik skal vi ikkje ha det i Norge. Fellesforbundet krev ei regjering som tar arbeidsfolk på alvor.

Fast tilsett med trygg inntekt

✓ **garantert
feriepengar**

✓ **garantert
sjukeløn**

✓ **garantert
pensjonsopptening**

✓ **garantert
foreldrepengar**